



Universitetet i Bergen (UiB) er eit internasjonalt anerkjent forskingsuniversitet med over 14 000 studentar og vel 3500 tilsette ved seks fakultet. Vi held til midt i hjartet av Bergen og har røter tilbake til grunnleggjinga av Bergens Museum i 1825. Det viktigaste bidraget vårt til samfunnet er framifrå grunnforskning og utdanning med ei stor fagleg breidd.

Postdoktor i filosofi

Ved Institutt for filosofi og førstesemesterstudium er det ledig ei treårig stilling som postdoktor med tilsetjing tidlegast frå 1. januar 2014. Det kan bli aktuelt å leggje inn eit fjerde pliktarbeidsår i stillinga dersom den som blir tilsett sjølv er interessert i ei slik løysing. Dette vert avtalt med instituttet ved tilsetjing.

Om stillinga

Søkjaren sitt forskingsprosjekt må ha tilknytning til forskingsmiljø eller forskingsgrupper ved Institutt for filosofi og førstesemesterstudium. Instituttet har ei rekkje forskingsområde som i sum dekkjer dei fleste områda innanfor filosofifaget. Nærare informasjon kan ein finne her: <http://www.uib.no/fof/25605/forskningsomr%c3%a5der-ved-fof>

Dersom pliktarbeid (inntil eit årsverk) blir lagt inn i stillinga, vil dette i all hovudsak bli undervisning, rettleiing og evalueringsarbeid knytt til instituttet sitt Examen philosophicum-tilbod.

Tilsetjing i stillinga krev at ein har sin daglege arbeidsplass ved Universitetet i Bergen og elles rettar seg etter dei retningslinene som til kvar tid gjeld for stillinga.

Kvalifikasjonskrav

Søklarar må ha oppnådd norsk doktorgrad i filosofi eller tilsvarande utanlandsk utdanning. Det er mogeleg å søkje stillinga utan å ha disputert, men det er eit krav at doktoravhandlinga er levert til bedømming innan søknadsfristen. Avhandlinga må vere godkjend før tilsetjing kan skje.

Fagleg kvalitet vil vere hovudkriteriet når ein rangerer og innstiller søkjarane. Dersom desse er på eit tilnærma likt nivå, kan instituttet sine faglege behov bli avgjerande ved innstillinga av søkjarane.

Løn

Løn etter lønssteg 57 (kode 1352/LR24) i statens lønsregulativ, p.t. 473.100 kr. per år. Vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet i stillinga.

Frå bruttoløna vert det trekt 2 % til pålagt medlemsskap i Statens pensjonskasse.

Andre opplysningar

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til instituttleiari Reidar K. Lie på tlf. 55 58 94 37 eller e-post: Reidar.Lie@fof.uib.no.

Kvinner vert spesielt oppmoda om å søkje. Dersom dei sakkunnige finn at fleire søklarar har tilnærma like kvalifikasjonar, vil reglane om kjønnskotering i personalreglementet for vitsskapelege stillingar verte følgde.

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetjing og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn. Personar med innvandrarbakgrunn blir oppmoda om å søkje stillinga.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitsskapelege stillingar. Opplysningar om søkjaren kan verte gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje vert teken til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Slik søker du stillinga

Søknaden skal sendast elektronisk via link på denne sida «SØK PÅ JOBBEN». Søkjarane skal nytte det elektroniske CV-skjemaet som ein finn der. I tillegg må dette følgje søknaden:

1. Prosjektomtale (inntil 5 sider)
2. Framdriftsplan for prosjektet
3. Litteraturliste for prosjektomtalen
4. Eit kort samandrag av doktoravhandlinga (inntil 5 sider)
5. Vitnemål frå universitet/høgskole som dokumenterer relevant utdanning for søknaden (skanna versjon)
6. Liste over vitsskapelege arbeid
7. Representative vitsskapelege arbeid, inntil 5.

Vedlegga kan vere i Word- eller pdf-format.

Dei vitsskapelege arbeida, inkludert liste over desse, (alt i 3 eksemplar) skal sendast per post til Universitetet i Bergen, Institutt for filosofi og førstesemesterstudium, Postboks 7805, 5020 Bergen.

Dei vedlagte vitsskapelege arbeida og vitnemål må vere på eit skandinavisk språk eller engelsk. Vitsskapelege arbeid og omsetjingar av vitnemål og vitsskapelege arbeid må vere fakultetet i hende innan søknadsfristen

Dei best kvalifiserte søkjarane vil bli kalla inn til intervju før innstilling om tilsetjing blir gjort. Det kan og bli aktuelt med ei prøveføreling.

Søknadsfrist: 29.06.2013
Søknaden skal merkast: 13/5466

Jobbnorge-ID: 94101, Søknadsfrist: Avsluttet